



Forslag til lokal forskrift – hovudmål ved grunnskulane i Høyanger kommune

Heimel

Fastsett av kommunestyret i Høyanger kommune den 24. oktober 2024, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova § 15-2).

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta seier kva skriftspråk som er hovudmål på grunnskulane i Høyanger kommune. Skulen skal nytte hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra.

§ 2 Hovudmål

Grunnskulane i Høyanger kommune nyttar nynorsk som hovudmål.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 1. november 2024